

## Årsmelding for RMNFE 2021

RMNFE hadde 7 møte i 2021. Vi har også dette året hatt nokre nettmøte grunna Covid 19.

I periodar med lette i restriksjonane, har vi kunna gjennomføra fysiske møte.

Etter møtet 01.11. 2021 var rådet på synfaring hjå Hardanger AKS.

Etter møtet 23.11.2021 hadde vi møte der aktuelle organisasjonar i Kvam var inviterte til å koma med synspunkt/ innspel dei ønska rådet skulle arbeida med.

Tidleg på året etablerte vi årshjul for arbeidet. Dette har vi stort sett følgt opp.

Rådet har fått informasjon frå administrasjonen og drøfte mange saker, bl.a saker knytt til

- Transportordningar for uføre ( Helsereiser, TT-ordning og arbeidsreiser HAKS)
- Fastlegeordninga i Kvam
- Bygging av ny vidaregåande skule
- Bygging av Strandebarm omsorg
- NAV- tilgjenge under pandemien
- «Leve hele livet»

Vi har også fått orientering om ein del aktuelle planar, men vi slit framleis med å vera oppdaterte på kva planar som er under arbeid. Vi etterlyser framleis rullering av handlingsplanen for menneske med nedsett funksjonsevne. Når det gjeld områdeplanen for Øystese, etterlyste vi brukarrepresentasjon i arbeidet.

Vidare har vi også i år halde fokus på oppgradering av uteområdet ved Toloheimen, og heradstyret løyvde midlar til grunnarbeidet i budsjettet for 2022.

Rådet har eit medlem i testpanelet som vurderer mattilbodet på institusjonane i heradet.

Rådet har sendt innspel til Skyss om busstilbod i distrikta.

Medlemmer i rådet har også delteke på digitalt kurs om CRPD ( FN konvensjonen om rettigheter for mennesker med nedsatt funksjonsevne). Lokal oppfølging av denne konvensjonen er ei viktig oppgåve for rådet framover.

Rådet har ikkje nytta seg av retten til å ha innlegg i heradstyret dette året. Ordføraren har møtt i eitt møte, og kom med innspel om korleis vi best kunne få fram «våre» saker.